

Privat felttog mot dårlig språk på nettet

01.12.2009



Mållagsleiar Kristian Bringedal er glad for språk-initiativet til Torfinn Myklebust. (Foto: Kristian Hus)

**– Språket vårt er i ferd med å bli forsøpla, spesielt i nettavisene sine kommentarfelt. Der får brukarane herja fritt og skjella ut kven det måtte vera, ofte på ein svært ufin måte, og endåtil heilt anonymt, seier Torfinn Myklebust. Han kåserte om språkbruken på nettet under eit møte i Uskedalen.**

Det var Kvinnherad Sogelag og Kvinnherad Mållag som hadde invitert Torfinn Myklebust til å kåsera om språkbruk i nettavisene. Også målføret i fleire offentlege instansar tok han opp.

– Eg har starta eit privat felttog mot nettavisene og redaktørane der, sa Myklebust og peika på at det skjer ei språkleg forsøpling på nettet. Det er mykje elendig å sjå, ja, eg kallar det rett og slett for gatespråk, sa han.

Myklebust tykkjer det er flott at nettavisene sine leсarar engasjerer seg i enkeltsaker og skriv kommentrarar. Men han reagerer sterkt på at eigarane av nettavisar og redaktørane deira sviktar ansvaret sitt ved å la folk skriva anonymt.

- Dei har sleppt det heilt laust og det virkar som om ingen har kontroll på kva som blir lagt ut lenger, sa Myklebust som nemnde fleire døme på svært grov sjikane som leсarar har skrive både i kvinnheringen.no og innsida.no. Myklebust meiner nettavisene burde hatt betre kontroll med kva folk legg ut.

Av Kristian Hus, husnesnett.no